

UTDRAG FRA DEN LEKSIKRYPTISKE ENCYKLOPEDI

Egoisme. Egoisme i etisk forstand seier at det er moralsk rett å handle med seg sjølv som formål. Sjølv om egoistisk åtfærd ofte blir sett på som klanderverdig, har for eksempel Ayn Rand og Friedrich Nietzsche argumentert for egoisme.

Egostråle (ty. *Ichstrahle*). Innan fenomenologien forstått som ein intensjonal «stråle» som går frå egoet/medvitet og mot objektet som presenterer seg for det. Omgrepet blir innført og drøfta av Edmund Husserl (1859–1938) i verket *Ideen I*, frå 1913, kor han omformulerer fenomenologien i ein transcendentalfilosofisk versjon. I tillegg drøftar han liknande tankar i *Erfahrung und Urteil* (1948), men utan å bruke omgrepet «egostråle» direkte. Ideen om ein «egostråle» gjev lita meining utanfor den fenomenologiske konteksten Husserl arbeidde innanfor, og må av den grunn forståast i samanheng med resten av omgrepsapparatet hans. Husserl utvikla ikkje ideen om egostrålen på nokon utførleg eller systematisk måte, men til saman dannar dei ulike tekststadane der han snakkar om «strålar» eit grunnlag for å forstå det på eit nokså konsistent vis.

Husserls fenomenologi byggjer på intensjonalitetsprinsippet, som seier at «medvit alltid er medvit om noko». Medvitet blir oppfatta som grunnleggjande aktivt, i den forstand at det rettar seg mot objekt gjennom ein stadig straum av intensjonale handlingar. Intensjonale objekt er ikkje livlause ting som finnast «der ute» fullstendig åtskilt frå meg, men er grunnleggjande meningsfulle fordi dei er del av den same verda som egoet. Husserls mest kjende formulering av medvitet sitt intensjonale liv finnast i *Ideen I*, kor han innfører omgrepsparet *noema* og *noesis* – begge greske ord for tanke. *Noema* er i denne samanhengen den meningsfulle kjernen medvitet finn i eitkvart objekt som det er retta mot. Dersom vi for eksempel ser ein stol frå forskjellige vinklar, vil vi heile tida sjå den same stolen. Likevel er ikkje stolen summen av alle dei moglege perspektiva, men meininga som gjer at alle sanseintrykka blir tolka som det same objektet. *Noesis* står for sjølve det intensjonale momentet, det vil seie *måten* medvitet på det aktuelle tidspunktet rettar seg mot objektet på, det vere seg i form av minne, sanseerfaring, som smertefullt, osv.

Husserls drøftingar omkring desse omgrepa er temmeleg obskure, og det er stor usemje om korleis dei skal forståast både kvar for seg og i relasjon med kvarandre. Det er i samband med diskusjonen av *noesis* og *noema* Husserl gjev den mest utførlege utlegginga av egostrålen sin natur. For å kunne drøfte spørsmål om *korleis* egoet kan vere seg merksam ulike objekt, snakkar han om ein stråle som går ut frå det reine egoet og endar i objektet, slik at det står fram i eit meir eller mindre klårt lys. Implisitt i dette ligg det ein tanke om at det for egoet alltid finnast eit felt av potensielle erfaringar. På bakgrunn av potensialiteten lar egostrålen visse delar av feltet bli aktualisert og stå fram på ein konkret og meningsfull måte.

Husserl omtalar egoet og strålen som om dei er uskiljelege frå kvarandre, og han understrekar dette ved å seie at strålen er personleg. I lys av intensjonalitetsprinsippet verkar dette rimeleg sidan medvit utan innhald ikkje er mogleg. Egoet blir såleis forstått som ein fri essens som gjennom handlingane sine rettar seg utover og innover gjennom strålen. A.M.

Ehrenfels, Christian von (1859–1932). Austerriksk filosof som var med på å grunnlegge gestaltpsykologien. Det var Ehrenfels som først introduserte termen «gestalt» i filosofi og psykologi, og dette har hatt stor påverknad på seinare tenkjarar som Edmund Husserl og Max Wertheimer.